

Masfjorden Kommune

Ordførar Karstein Totland

Austfjordvegen

5981 MASFJORDNES

16.03.18

Innspel til revidert budsjett Masfjorden Kommune

Behov for å styrke Masfjorden Landbrukskontor, TML avd. landbruk

Masfjorden Bonde- og Småbrukarlag , Masfjorden sau og geit og Masfjorden skogeigarlag er uroa over at me lokalt ikkje har større faglege ressursar innan landbruk og skogbruk.

Me er kjend med at Masfjorden Kommune ikkje har landbrukssjef som tidlegare, men i nokre høve har hatt konsulenthjelp ved behov, innan saker som krev høgare kompetanse enn det kontoret per i dag har.

Med dei ressursane som er i dag, ser me at det er fleire område som ikkje vert tilstrekkeleg ivaretake, og at kontakten med kontoret vert mindre i mangel på tida saksbehandlar har.

Det er også fleire kompetansefeltet som kontoret ikkje dekker.

I Masfjorden har landbruk og skogbruk vore viktige næringar med lange tradisjonar, og vil også vere det i framtida. Det er ein stor del av identiteten til kommunen vår og er i framtida viktig for å hindre attgroing og fråflytting i lokalsamfunna. Næringa har ringverknader for andre næringar og sektorar om til dømes service, reiseliv og turisme. Her er store utmark- og jordressursar, og mykje kulturlandskap. Det er dei siste åra ei auke i talet på bruk som får produksjonstillegg i vår kommune, ei positiv vekst som vitnar om at her er interesse og aktivitet lokalt. Det er også etablert næringar som lokalmat og Inn På Tunet i vår kommune.

Eit generasjonsskifte vil komme med eit auka behov for tett og god oppfølging av kompetanse lokalt, både for dei som ynskjer å løfte landbruket i nye retningar og for dei som vil drive tradisjonell drift. For å stimulere til at yngre krefter ynskjer å overta og halde fram med landbruksdrift og skogdrift i kommunen, er det avgjerande at eit landbrukskontor ikkje berre vert ei minimumsløysing som tek unna naudsynte oppgåver. Men at landbrukskontoret også har evne til å ta initiativ til kurs, kompetanseheving, utviklingsarbeid og liknande. Organisasjonane vil ha ei styrka ressursutnytting innan landbruket i Masfjorden og meinar at eit styrka landbrukskontor i større grad vil hjelpe i riktig retning. Dette meiner me vil ha mykje å seie for verdiskapininga i kommunen vår!

Kommunen er førsteinstans med ansvar for saksførebuing i alle saker som gjeld landbruk og skogbruk, og avgjerslemyndigkeit i saker etter jordlova, konsesjonslov, skogbrukslov mfl.

Til liks med andre næringar møter også landbruket endringar i regelverk, krav og rammevervilkår. Kommunen skal kjenne alle forskrifter som gjeld for landbruk- og skogbruksdrift og sjå til at dei vert fulgt. Igjen skal kommunen gje rådgjeving til brukarane via rettleiing om økonomiske verkemidlar og vidare handsome og avgjere søknadar om tilskot, refusjonar og erstatningar. Planarbeid skal ha deltaking av landbruksfagleg kompetanse og dette er omfattande kunnskapsfelt som krev brei kompetanse lokalt.

Organisasjonane ynskjer seg ein god og framtidsretta næringsutvikling - og dertil samfunnsutvikling. Me ynskjer eit sterkt landbruk og skogbruk der det er lokal høg kompetanse som kan ivareta og følgje kring kulturlandskapspleie, kulturminne, jordbruk og skogbruksverdiar.

Me ber på det sterkeste ordførar og leiinga i kommunen å finne budsjett  
for å styrke vårt lokale TML avd. innan landbruk og skogbruk med høgare kompetanse i tillegg  
til dagens stillingsstatus, i revidert budsjett 2018.

Med helsing frå

Masfjorden Bonde og småbrukarlag

Leiar Tove Kristin S. Tistel

Masfjorden Sau og geit

Leiar Odd H. Midtbø

Masfjorden Skogeigarlag

Leiar Oddvar Nipen